

Oddmund Løkensgard Hoel

oddmund.hoel@hivolda.no

Manus 2.5.2006

Det Norske Samlaget mellom språkpolitikk og forlagsverksemd

Tale på årsmøtet i Samlaget 28. april 2006

Då Noregs Mållag såg dagens lys i seine nattetimar på ei målmannsstemme i Oslo i februar 1906, var fødselshjelparen Det Norske Samlaget 38 år og i sin beste alder. Der er Samlaget framleis. Men tanta i målrørsla har minst vorte grandtante, og 100-årsjubileet til Mållaget er eit fint høve for Samlaget til å reflektera over sitt eige skiftande og til tider innfløkte forhold til den rørsla Samlaget har prega så kraftig. Samlaget er ein sjeldan fugl i norsk kulturliv og nynorsk skriftliv som det ikkje er lett å bli klok på. Sjølv om blandingsforholdet har ymsa mykje, har Samlaget alltid kombinert bokutgjeving med ein kulturpolitisk aktivisme på vegne av nynorsken.

Eg kjem til å opphalda meg i dette spenningsfeltet når eg no skal by på eit lite historisk tilbakeblikk på den rolla, eller dei rollene, Samlaget har spela i målrørsla. Hundreårsjubileet til Mållaget var bakgrunnen for at eg fekk spørsmålet, og eg legg vekta på tiåra kring 1906, rett nok med eit lite streiftog av det meir hasardiøse slaget opp til vår tid.

Sjølv om det er ei stor utfordring for meg, kan Samlaget gle seg over å vera den institusjonen i målrørsla med den mest veldokumenterte og ikkje minst velskrivne historia. Då tenkjer eg ikkje berre på 100-årssoga, jubileumsskriftet over alle nynorske jubileumsskrift, men òg flaumen av andre skrifter, ikkje minst *Syn og Segn*-sjangeren "Gamle samlagsminne og samlagsmenner", som òg var tittelen på ein artikkel av Halvdan Koht i 1908. Det er ikkje på så mange punkt eg kan by på heilt nye opplysningar eller vurderingar. Men så er det ofte heller ikkje slik at det er dei grundigaste faghistoriske skriftene som formar det levande og verksame kollektive historiske minnet, anten det gjeld nasjonar eller meir avgrensa grupper som målrørsla eller Samlaget.

Eigenarten til Samlaget

Med bakgrunn i forlagsverksemda dei siste tiåra er det nok ei utbreidd oppfatning at Samlaget i alle sine dagar mest av alt har vore eit forlag. Det finst verre forenklingar enn dette, men råkar ikkje Samlaget sin *eigenart* den fyrste tida. "Då Samlaget blei forlag" er tittelen på Hans Tveit si avhandling (1984) om Samlaget i 1960-åra.¹ Underforstått: før det var Samlaget noko *anna*.

Føremålsparagrafen frå 1868 fortel presist kva Samlaget kom til å driva med i mest hundre år: "Samlagets Formaal er at fremme Udgivelse af Bøger paa Norsk, enten Landsmaal eller Bygdemaal."² I Arne Garborgs landsmålsomsetjing frå tidleg i 1870-åra: "aa hjelpa til aa utgiva Bøker paa Norsk". Samlaget var altså ikkje eit forlag, men eit *litteraturselskap*, som det òg har heitt sidan 1978 og vorte kalla lenge før. Laget var organisert som ein bokklubb der medlemene mot å betala årspengar fekk tilsendt dei bøkene laget gav ut, i ein del tilfelle òg bøker laget kjøpte frå andre. Dette er velkjent, men eg vil bruka litt tid på den tidlegaste historia fordi ho har vore så viktig i å forma eigenarten, identiteten og funksjonen til Samlaget.

Nøkkelorda "at fremme" (nynorsk "aa hjelpa til") utgjorde heile skilnaden på eit snevert forlagsformål og eit kulturpolitisk formål som vart tolka svært vidt. Om me vurderer bokutgjevinga reint kvantitativt dei fyrste tiåra, var det ikkje noko spesielt med Samlaget. Når me slår opp i *Nynorsk faktabok* av Ottar Grepstad, som me så ofte gjer, står Samlaget fram som eitt av fleire små nynorskeforlag, og heller ikkje det viktigaste. I det halve hundreåret fram til 1902 kom det ut kring 610 bøker på nynorsk. Samlaget gav ut under 20 prosent av dette – i praksis vil det seia mellom 0 og 7 bøker årleg 1868-1900. Det fyrste tiåret etter Andre verdenskrigen stod Samlaget berre bak 3 – tre – prosent av alle nynorske bøker.³ Ikkje noko år før 1959 gav Samlaget ut meir enn 18 titlar, det vanlege var kring 10. Henrik Groths utsegn om Johs. Aanderaa som "en betydelig forlegger i et ubetydelig forlag"⁴ hadde nok såpass til snev av historisk sanning over seg til å vera råkande. Rekna i titteltal var det andre som drog det nynorske lasset – i 1880-åra Mons Litleré, i 1890-åra Bertrand Jensen, deretter Olaf Norli, og frå kring 1930 Noregs Boklag attåt ei rad andre forlag, til dels òg dei store bokmålsforlaga.

¹ Jf. Tveit 1984.

² Birkeland m.fl. (red.) 1968, s. 46. Tidleg i 1870-åra vart lovene omsette til landsmål, og frå Arne Garborgs formannstid (frå 1877) var berre landsmålsversjonen i bruk (s. 289).

³ Grepstad 2002, s. 88

⁴ Her etter Grepstad 2002, s. 108.

Det var såleis *ikkje* på grunn av eiga forlagsverksemd og heller ikkje på grunn av den bokklubblignande distribusjonen at Samlaget raskt etablerte seg som den sentrale nynorskinstitusjonen, men på grunn av den vidare litterære og kulturpolitiske aktiviteten. Det eine viktige satsingsområdet til Samlaget var i lang tid å syta for at det kom ut kulturpolitisk viktige nynorskutgjevingar som vanlege forlag ikkje ville ta på ordinære kommersielle vilkår. Det var gjennom desse prosjekta Samlaget utvikla det heilt spesielle tilhøvet til staten som stadig har vorte fornya og framleis varar ved. Frå 1881 til 1937 fekk Samlaget mest årvisse tilskot til bibelomsetjing over statsbudsjettet. Berre eit fåtal av dei bibelske skriftene gav Samlaget sjølv ut, og den fyrste fullstendige nynorske bibelen var det Studentmållet og ikkje Samlaget som gav ut i 1921. Frå 1881 fekk Samlaget òg støtte til nynorske skulebøker, frå 1899 til ordboksutgjevingar og frå 1906 til utgjeving av klassikarar i namngjetne seriar som "Gamalnorske bokverk" og "Klassiske bokverk".

Eigenarten til Samlaget dei fyrste tiåra er å finna som den sentrale aktøren i det viktige nynorske ingenmannslandet mellom ordinære forlag, staten og den laust organiserte målrørsla. Samlaget fungerte i praksis som eit nynorsk kulturråd, men rolla som mellomledd femnde òg vidare enn å vera det formaliserte mellomleddet mellom staten og dei litterære og vitskapelege kreftene som gjorde omsetjingsarbeidet og førebudde bøker for utgjeving. Når private aktørar (einskildpersonar eller folkehøgskular) ville skipa til nynorsk kurs for vaksne, særleg lærarar, vende dei seg til Samlaget, som samla sende søknadene til regjering og Storting, og i neste omgang både fordelte pengane ut og rapporterte tilbake. På slutten av 1800-talet oppfylte Samlaget eit gjensidig behov i det veksande statsapparatet og den laust organiserte målrørsla om eit representativt og ikkje minst ansvarleg kontaktorgan. Dette prega òg sjølvforståinga til samlagsleiinga, som i 1879 bad om å bli oppført i Statskalenderen. Dei to fyrste heiderslagsmennene til Samlaget var Ivar Aasen og Magnus B. Landstad. Den tredje, utnemnd i 1881, var korkje språkmann eller litterat, men Johan Sverdrup. I 1903 byrja den praksisen som framleis står ved lag med at departementet oppnemner to av styremedlemene. Aanderaa oppsummerte i 1968 samarbeidet med det offentlege som vart etablert i desse åra som "det viktigaste grenseskilet i historia til Det Norske Samlaget, i sine konsekvensar viktigare enn utbygginga av forlagsapparatet dei siste åra."⁵

Statusen som halvoffisielt kontaktorgan og nynorsk kulturråd var éi viktig side av Samlaget og var knytt til rolla som det Kjell Haugland kallar "ein vikarierende landsorganisasjon for

⁵ Birkeland m.fl. (red.) 1968, s. 278. Aanderaas artikkel "Kulturpolitiske perspektiv" i 100-årsskriftet er interessant til mitt bruk ikkje minst på den måten Aanderaa tolkar historia til Samlaget i lys av dei nye forlagsambisjonane.

målrørsla".⁶ Når Aanderaa i tilbakeblikket sitt på denne tida presiserer, med historisk presens, "at Det Norske Samlaget ikkje er noko mållag",⁷ må det meir takast som ei programerklæring enn ei dekkjande skildring av fortida. Dei nære banda til det sentrale politiske miljøet, det vil seia Venstre, vart utnytta til fulle i eit arbeid med å betra rammevilkåra for nynorsk bokutgjeving i svært vid meining. Ein del av dette var å gje nynorsk auka rom i offentleg liv.

Det var såleis Samlaget i lag med målavisa *Fedraheimen* som i 1883-84 organiserte ein resolusjonskampanje retta mot Venstre som resulterte i jamstillingsvedtaket i mai 1885 som gjorde nynorsk til offisielt skriftmål. Endå meir illustrerande er historia om målparagrafen i folkeskulelova som gav skulestyra løyve til å innføra nynorsk som opplæringsmål. Den fekk ikkje fleirtal då folkeskulelova vart vedteken i 1889 grunna den politiske samansetjinga av Stortinget. Men etter Venstre-sigeren i valet 1891, var det tid for omkamp. Då det nye Stortinget kom saman på nyåret 1892, skreiv formann Viggo Ullmann eit brev til Stortinget på vegne av samlagsstyret der ein bad om at målparagrafen no kom inn i folkeskulelova. Kyrkjestatsråden, målmannen Wilhelm Wexelsen, støtta framlegget. I Stortinget hadde framlegget sjølvstøtte frå stortingspresidenten, som var Viggo Ullmann, og den mektige parlamentariske leiaren for Venstre i Stortinget sytte for å få saka greitt gjennom. Eg treng vel ikkje ein gong nemna at det var Viggo Ullmann. Leiv Mjeldheim har streka under at under det ullmannske regimet var stortingsgruppa i særleg grad det udiskutable sentrumet i Venstre, og Ullmann hadde storustus på troppane.

Aldri har truleg målrørsla hatt så mykje politisk påverknad som ein hadde gjennom Samlaget i 1892. Når det er sagt, har nok Samlaget heller aldri vore svakare. Som det kanskje alt har slege dykk, hadde ikkje Ullmann særleg mykje tid til samlagsvervet. "Det var ei dau tid i Det norske Samlaget i fyrstninga på 1890-åra," oppsummerte Koht seinare.⁸ I dei tre formannsåra til Ullmann 1891-94 gav Samlaget til saman ut 1 – éi – bok, og han kalla ikkje ein gong inn til årsmøte. Det gjorde til slutt resten av styret, og det var ingen kven-som-helst som gav Ullmann avløyning – det var den nyleg avgåtte kyrkjeministeren Wilhelm Wexelsen.

Frå Samlaget til *Den 17de Mai*

⁶ Haugland 1985, s. 19.

⁷ Birkeland m.fl. (red.) 1968, s. 275.

⁸ Koht 1954, s. 393.

Dei aller fleste framstillingar av perioden legg vekt på Samlaget sin posisjon som det organisatoriske sentrumet i målrørsla, men har oversett at Samlaget langt på veg miste denne posisjonen midt i 1890-åra. Ullmannperioden hadde sin pris, og mange av dei unge og meir aktivistiske målfolka oppfatta samlagsmiljøet som lite dynamisk, pompøst og defensivt. Ein av dei var 30-åringen Rasmus Steinsvik som våren 1893 kalla inn til eit møte i namnet åt Samlaget utan at Ullmann-styret visste om det. Dei møtte no likevel opp og fekk høyra den unge anarkisten sine planar om ei nytt målblad. "Daa vart det laatt og knising over heile salen. Og ein kjend maalpatriark steig opp og spurde, um han ikkje kunde vera nøgd med dei tvo målbladi han hadde teke livet av [*Vestmannen* og *Fedraheimen*]. Um han plent laut gravleggja det tredje med. Dundrande laatt," fortalde Marta Steinsvik i ei ikkje heilt truverdig andrehandsskildring 25 år seinare.⁹ Men Rasmus Steinsvik fekk ryggdekninga han trong til å gå i gang med avisa, og i januar 1894 kom det fyrste nummeret av *Den 17de Mai*.

Dermed var det nynorske institusjonslandskapet med eitt endra. *Den 17de Mai* vart raskt sentrum i det nynorske skribentnettverket, og ikkje minst fekk målrørsla no for fyrste gong eit kontor midt i Oslo sentrum. Noko slikt fekk ikkje Samlaget før i 1950. No fekk målrørsla eit operativt hovudkvarter – eit nynorsk arbeidsmiljø og ein samlingsstad for målfolk, fastbuande og tilreisande, der nye måltiltak kunne klekkjast ut, kaffi drikkast, situasjonen vurderast og planar leggjast frå dag til dag. Som leiar for den største nynorskinstitusjonen i samtida og som ein kar med store evner som politisk strateg, retorikar og alliansebyggjar, vart Steinsvik raskt den sterke mannen i målrørsla, ein posisjon han hadde fram til 1906.

Samlaget skjøna raskt kva utfordring dette var. Eit nytt styre kom på plass i 1894, og ein kom til at ein skulle byrja å gje ut tidsskrift. Eitt av motiva bak *Syn og Segn* var tydeleg nok: "skal Samlaget i lengdi halda maalmannsfylkingi samla um seg, so lyt det hava noko *fast* aa samla dei um".¹⁰ Avstanden var ikkje større enn at Arne Garborg var medredaktør både i *Den 17de Mai* og *Syn og Segn*.

Men me merkar oss at ingen frå Samlagsstyret står på lista over initiativtakarar eller styremedlemer då den nye og i dag temmeleg ukjende organisasjonen *Maalkassa* kom i gang hausten 1895. *Maalkassa* var Steinsviks verk og kan sjåast som det organisatoriske uttrykket for miljøet rundt *Den 17de Mai*. Føremålet var primært å skaffa pengar til målarbeid, noko laget gjorde til gagns med den store målmarknaden i Oslo i september 1898 – heile 1,1 mill.

⁹ Marta Steinsvik, "Ein mann og eit blad", *Den 17de Mai*, 9.1.1919. Også prenta i Steinsvik 1922, s. 172-190.

¹⁰ *Den 17de Mai*, 1.11.1894, jf. Haugland 1985, s. 19.

kr omrekna til 2006-kr. Det gav målrørsla ein heilt ny handlefridom, kontrollert av Maalkassa. Maalkassa finansierte mykje av den sentrale agitasjonsverksemda – småskrifter og ferdatarar – som skulle demma opp for riksmålsaksjonen hausten 1899, og dessutan drifta av Norsk maalkontor, styrt av Klaus Sletten, skipa i januar 1900 som distribusjonssentral for Samlaget og agitasjonssentral for målrørsla. Maalkassa gav òg mykje støtte til nynorsk barnelitteratur og *Norsk barneblad* fram til kassa var tom rundt 1910.

Maalkassa fekk raskt ein status som det reelle landslaget for målrørsla. Her fann ein dei fleste tungvektarane i Oslo-miljøet, og det var til dømes Maalkassa og ikkje Samlaget som var den sjølvsgde adressa for oppmodinga frå årsmøtet i Austmannalaget 1904 om å få i stand eit landslag for målsaka.

Samlaget og skipinga av Norigs maallag

Samlaget heldt på funksjonen som kontaktorgan med styresmaktene, men vann aldri att posisjonen som hovudorganisasjon for målreisinga før Noregs Mållag vart skipa. Det nynorske organisasjonslandskapet var i 1906 tvert om meir brokut enn nokon gong, med viktige nyskapingar som Norigs ungdomslag (1896), Bondeungdomslaget (1899) og Studentmållaget (1900) attåt dei nemnde, og framleis med miljøet kring Maalkassa og *Den 17de Mai*-redaksjonen som eit tyngdepunkt.

I februar 1906 vart så trådane samla att. Den offisielle initiativtakaren til målmannsstemna var Klaus Sletten, styrar for målkontoret og formann både i Noregs ungdomslag og Bondeungdomslaget. Men bak han stod sterke krefter. Marius Hægstad opplyste at det var styra i Samlaget og Maalkassa som hadde bede han om å halda hovudtala på stemna. Landsmålsprofessor Hægstad var elles eit opplagd val, innehavar som han var av den fremste offisielle nynorske posisjonen. Han var tidlegare formann og no styremedlem i Samlaget, som han òg representerte. Delegasjonane frå Samlaget og Maalkassa var elles tunge greier. Båe stilte med alle styremedlemer, Samlaget med formann Nikolaus Gjelsvik, professor Alexander Seippel, den komande stjerna Halvdan Koht og medisinen Idar Handagard;¹¹ Maalkasa med utanriksminister Jørgen Løvland, Arne Garborg, Peter Hognestad, Rasmus Steinsvik og advokatane Nils Aanesen og Fredrik Voss, den siste formann i laget og ordstyrar på stemna.

¹¹ Dei to siste styremedlemene, Rasmus Løland og Torkell Mauland, møtte for andre lag (Bondeungdomslaget og Rygjalaget).

Dette persongalleriet, hovudsakleg målakademikarar, utgjorde den desiderte eliten i den organiserte målrørsla og la alle premissar for målmannsstemna. Bakgrunnen var eit ynske om utnytta den nasjonale bølga frå 1905 til ein framstøyt for målrørsla, og obligatorisk sidemålsstil i gymnaset var peika ut som den store saka målmannsstemna vart inviterte til å stilla seg bak. Stemna vart halde dagen før landsmøtet i Venstre, som var "kringsett av friarar" for å låna ei formulering frå Leiv Mjeldheims monumentale og rykande ferske venstrehistorie 1905-40.¹² Det han vidare omtalar som "målrøidet mot Venstre i 1906" vart krona med siger: Dagen etter programfeste Venstre sidemålskravet, og eit drygt år etter var saka vunnen i Stortinget. Så det er eit nytt hundreårsjubileum i sikte neste år, om enn kanskje noko meir turbulent enn årets.

Det einaste viktige Oslo-miljøet ikkje hadde avgjort på førehand, var skipinga av Norigs maallag. Det kom som eit benkeframlegg frå *Gula Tidend*-redaktør og leiar for vestlandsopposisjonen, Johannes Lavik, då klokka hadde passert midnatt. Tanken hadde ei viss støtte i oslomiljøet. Studentmållaget med Olav Midttun i spissen hadde hausten før meint det no trongst ein ny fast landssamskipnad for målfolket, og Koht var raskt ute med støtte til Laviks framlegg på stemna. Sletten og Hægstad støtta òg framlegget, som dermed vart samrøystes vedteke.

Det var på langt nær sjølvsgatt. Rasmus Steinsvik med Garborg og Sletten på slep hadde i tiåret før vore ein innbiten motstandar av eit nytt landslag for målreisinga. Hovudargumentet var at grunnorganisasjonen var for veik til å bera eit landslag økonomisk, og då fekk det heller vera. Steinsvik nytta i ei årrekkje posisjonen sin ikkje berre til å sabla ned alle framlegg, ynske og krav om ein landsorganisasjon som kom på prent i *Den 17de Mai*, òg å hindra at slike innlegg kom på prent, særleg etter at kravet auka i styrke med organiseringa av fylkesmållaga frå 1899. Steinsvik heldt då òg klokleg kjeft på stemna då framlegget om Norigs maallag kom, men i ordskiftet om styrevalet kom det fram at den gamle anarkisten framleis hadde ei større forståing for praktisk arbeid og effektivitet enn organisasjonsdemokrati: Det handskrivne referatet som Noregs Mållag publiserte i dag (28. april), fortel at Steinsvik "vilde hava berre *ein* frå Xania, for han kunde styra åleine".¹³

¹² Mjeldheim 2006, s. 41 og 169.

¹³ Hoel (red.) 2006, s. 76.

Det må her skytast inn at spørsmålet om eit landslag òg hadde vore oppe i Samlaget fleire gonger, særleg i 1880-åra. På årsmøtet i 1889 var det eit framlegg om å skipa om Samlaget til eit landslag med underorganisasjonar i bygdene, men det fall. Fleirtalet "trudde ikkje det var bra aa skiple lagslovene," som Elias Blix sa. Det var i ein kommentar til årsmøtereferatet i *Fedraheimen* at ein oppgjeven Arne Garborg kom med dei mykje siterte orda om at "Høgre, vinstre, sosialistar, skytterlagsfolk, totalistar, misjonsvener, allesaman, parti elder sekter, dei organiserar seg og arbeider. Og det er det som gjer dei sterke. Men maalmennene dei gjeng som villdyr. Det hev aldri lukkast aa faa skikk paa dei."¹⁴ Men i 1906 hadde altså Garborg skift meining om spørsmålet minst to gonger og støtta skipinga av Norigs maallag.

Styret i Samlaget var tungt representert i det fyrste styret i Norigs maallag. Hægstad var sjølvskreven formann, og samlagsformann Gjelsvik vart den andre styremedlemen frå hovudstaden.

Etter målmannsstemna

Samlaget har "aldri vore medlem i andre organisasjonar" bortsett frå Forleggjarforeininga, skriv Aanderaa.¹⁵ Vel – Samlaget figurerer iallfall som medlemslag i Noregs mållag i 1908,¹⁶ men neppe særleg mykje lenger, og det er heller ikkje spor etter at Samlaget var representert på mållagsårsmøta dei neste åra. Ein skal likevel vera varsam med å tolka det som ei medviten sjølvstendeline i høve til Noregs Mållag. På personnivå var banda mellom styra i dei to laga svært tette i lang tid. Fram til 1926 hadde Samlaget og Mållaget til kvar tid minst ein styremedlem sams – i åra 1912-15 sat heile tre menn i baa styra. Det same elitemiljøet heldt taumane i baa organisasjonane – og me kan leggja til Noregs Ungdomslag. Samarbeidet vart òg institusjonalisert gjennom meir obskure tiltak. Ottar Grepstad skriv i *Viljen til språk* om Vakeringen, skipa 1917 med Peder Hovdan som edderkoppa i nettverket, der deltakarlista byr på ei rad sentrale namn i dei sentrale norskskdomsorganisasjonane gjennom eit par tiår.¹⁷

Det var stor overlapping mellom Samlaget og Mållag på formannsnivå òg. I heile tolv av dei 20 fyrste åra til Mållaget sat mållagsformannen samstundes i samlagsstyret. I 1926 tok vestmennene over styringa i Mållaget og den direkte overlappinga mellom styra tok slutt.

¹⁴ *Fedraheimen*, 30.11.1889.

¹⁵ Birkeland m.fl. (red.) 1968, s. 275.

¹⁶ *Gula Tidend*, 20.7.1908, jf. *Almenningen* 1984, s. 46.

¹⁷ Grepstad 2006, s. 140-142.

Men banda var ikkje mindre tette enn at Gustav Indrebø gjekk rett over frå formannsvervet i Samlaget 1923-29 til formannsvervet i Mållaget 1929-32 og var den leiande i mållagsstyret resten av tiåret.

Overlappinga på formannsnivå galdt i særklasse trippelformannen Nikolaus Gjelsvik, formann i Samlaget 1903-19, i Norigs ungdomslag 1906-15 og i Norigs maallag 1912-15, altså i alle tre organisasjonane 1912-15. Det har ingen prøvd korkje før eller seinare – heldigvis sidan det ikkje gjekk betre enn at dei måtte samla inn pengar i til rekreasjonsopphald for han etterpå.

Lengste tida sat han i Samlaget, og ved utgangen av formannsperioden hans var medlemstalet etablert på eit dobbelt så høgt og boksalet på eit fire gonger så høgt nivå som då han tok til. I Norigs ungdomslag var Gjelsvik arkitekten og entreprenøren bak styrkinga og profesjonaliseringa av det sentrale organisasjonsapparatet i åra etter 1906. Frå 1912 vart den same prosessen kopierte over på Norigs maallag, og avgjerande var etableringa av den felles skrivarstova mellom NU og Norigs maallag i 1913 med Edvard Os som "skrivar" i båe lag. Både organisatorisk og ideologisk stod NU og Mållaget dei neste åra fram som tvillingorganisasjonar med felles tilsette, felles kontor, felles medlemsblad, felles lagshandbok, same organisasjonsstruktur, nokre år med samordning av årsmøta, med stor overlapping i tillitsmannsapparatet og ikkje minst med ei utstrekkt kryssfinansiering mellom organisasjonane. I klårtekst: Det var det laga og medlemene i det langt større Norigs ungdomslag som i praksis finansierte mykje av oppbygginga av Norigs maallag.

I denne prosessen, med Gjelsvik som leiande strateg, vart så norskdomsrørsla omstrukturert og differensiert med ei klårare arbeidsdeling mellom dei ulike institusjonane som resultat. Den målrørsla som står fram for oss ved inngangen til 1920-åra hadde såleis i det store og heile fått den forma me kjenner i dag. Det språkpolitiske arbeidet var Noregs Mållag si oppgåve. Det var ikkje berre å driva påverknadsarbeid overfor partia, regjering og Storting slik det var i byrjinga, men òg å ta det overordna ansvaret for målreisingsarbeidet lokalt og regionalt. Noregs ungdomslag tok på si side i større grad til å fokusera på andre kulturoppgåver enn målarbeidet.

Samlaget tek dei fyrste stega mot å bli eit forlag

Dette fekk òg følgjer for Samlaget. Omdanninga av Samlaget frå primært å vera ein kulturpolitisk organisasjon og eit litteraturselskap til å bli eit moderne forlag har gått i fleire steg, og det fyrste famlande steget vart teke no. Samlaget hadde ikkje berre drive mykje med allment språkpolitisk påverknadsarbeid opp gjennom åra, men om somrane mellom 1905 og 1912 òg skipa til nynorskurs for lærarar på oppdrag frå staten. Nokre av desse kursa fekk òg støtte frå Forsvarsdepartementet slik at sekondløytnant Olav Midttun, godkjend skyteinstruktur, kunne driva våpentrening. Det var nok ein aktivitet samlagsformann Gjelsvik i seg sjølv ikkje hadde noko imot. Men då han og styret oppunder jol 1917 greidde ut om tankane for Samlaget framover i høve 50-årsjubileet året etter, var det slutt på skytinga: "Samlaget maa halda seg berre til det literære arbeidet."¹⁸

Dette dokumentet har vore mykje sitert. Det seier i seg sjølv mykje om mangelen på eit administrativt apparat at styret i november 1917 la fram ei samla årsmelding for åra 1915 og 1916. Oppgåvene som vart peika ut for framtida, var i stor grad dei literære oppgåvene laget hadde arbeidd med før: å gje ut eit norsk tidsskrift (*Syn og Segn*), gje ut framande og gamalnorske bokverk, setja om Bibelen og elles syta for å få ut sakprosa på nynorsk, i fyrste rekkje skulebøker og ordbøker, men òg vitskaplege skrifter, fagbøker og opplysningsskrifter. Det var *forlagsverksemda* som var Samlaget si kjerneoppgåve i den nye arbeidsdelinga i målrørsla.

Men at Samlaget framleis ikkje kan kallast eit vanleg forlag og heller ikkje såg seg sjølv som det, ser me av den måten skjønnlitteraturen er omtala på. Samlaget hadde kring hundreårsskiftet gjeve ut noko skjønnlitteratur, men no heiter det: "Det som duger av dette slaget, finn no til vanlegt forleggjar. Naar det gjeld slike bøker er sterk reklame sers viktig, og samlaget kann ikkje greida det so lett som private forleggjarar. Av desse grunnane hev samlagsstyret i dei siste aari tykt, at det korkje var tenleg eller turvande, at samlaget tevla med dei private forleggjarane i denne greini av forlagsverksemdi." Ingen ekte forlag, korkje no eller då, kom med slike gledesutbrot over å tapa marknadsdelar og mista framstående forfattarar til andre forlag. Det er det berre kulturpolitiske organisasjonar med eit ideelt føremål som gjer. Med Steinar Hegres ord: "Samlaget hadde opphøgd underskotet som forretningsprinsipp."¹⁹

¹⁸ Samlaget 1917, s. 427.

¹⁹ Hegre 1984, s. 350.

Men eit fyrste steg var teke, og dei følgjande åra inntok eit nytt og meir ungdomeleg mannskap leiinga i Samlaget. Dei fleste kom Studentmållaget, som sidan 1900 i praksis hadde fungert som ungdomsorganisasjonen til Samlaget. Her hadde dei komande målakademikarane ikkje berre gått grunnkurset i organisasjonsdrift og målsak, men òg i forlagsarbeid gjennom Skuleboknemnda og Folkeskriftnemnda. Mellom dei nye kostane som no kom til å dominera Samlaget i tretti år framover, mellom anna Einar Breidsvoll, den noko eldre Halvdan Koht, Gustav Indrebø og framfor nokon Olav Midttun.

Utgevingspolitikken til Gjelsvik vart ståande, men med ei opning mot det kommersielle. Indrebø, Samlagsformann frå 1923, brukte utan å blunka "forretning" om aktiviteten til Samlaget – slik tala ikkje gamlekarane. Samlaget, Noregs mållag og Noregs ungdomslag med Indrebø og særleg skrivar Edvard Os i spissen, organiserte i 1922 Noregs Boklag, som etter føremålsparagrafen hadde "til fyremål å spreida lesnad på norsk mål, soleis at det kan bli lønsamt [mi uth.] å skriva og gje ut bøker og blad på norsk."²⁰ Tanken var å utnytta dei sterkt veksande grunnorganisasjonane i ungdomslaget og mållaget ved å få dei til å organisera eit nettverk av lokale bokbuer, og distribusjonssentralen skulle vera Skrivarstova, som tok over som hovudkommisjonær for Samlaget etter Oluf Norli. Men den lågmælte konklusjonen til Olav Hr. Rue er råkande – "Idealisme sel ikkje *mange* bøker".²¹ Noregs Boklag vart i 1927 omskipa til eit vanleg forlag og til ein bokhandel i Oslo. Med Kjetil Ljøstad som driftig driftsstyrar vart bokhandelen betre enn forlaget, og Boklaget hadde ekspedisjonen for Samlaget heilt til 1962.

Det som står fram for oss kring 1920, er det *sjølvstendige* Samlaget. Overlappinga mellom norskdomsstyra vart mindre, og samarbeidet om Noregs Boklag var reint forretningsmessig – det vart i det fyrste oppropet klårt presisert at "Samlaget ikkje ... har bunde seg til det saklege eller organisatoriske arbeidet aat Noregs Maallag og Noregs Ungdomslag."²² Etter fiaskoen med Noregs Boklag som bokhandlarkjede kunne ein dessutan dra den lærdomen som seinare har sete i ryggmergen på alle strategar i Samlaget: det er klare grenser for kva ein kan utretta med idealisme åleine, og korkje målfolk i snevrare eller nynorskbrukarar i vidare meining utgjer ein tilstrekkeleg marknad for nynorsk litteratur. "[B]erre ... kvar norskmålsmann kjøper *ei* bok um året av dei som Samlaget gjev ut", blir det lønsam forretning skreiv Indrebø oppmanande i 1923, rett nok til medlemsflokk.²³ Men det var

²⁰ Her etter Skipenes 2005, s. 35.

²¹ Birkeland m.fl. (red.) 1968, s. 107-108.

²² Birkeland m.fl. (red.) 1968, s. 107.

²³ *Norsk Ungdom 1923*, her etter Birkeland m.fl. (red.) 1968, s. 107.

berre ein vakker draum, ikkje ein forretningsstrategi med hald. Etter at Samlaget i fleire tiår hadde sett sin lit til eigne og i ein liten periode altså til andre sine medlemmer, var det klart at det gjekk ingen andre vegar til ekspansjon enn ein tofeltsveg: den fellesnorske allmenntilsettsmarknaden i kombinasjon med ein gåvmild stat.

Statsstøtta fyrst: det hadde Samlaget altså hatt sidan 1881 til eit mylder av måltiltak. Men før Indrebø overlet formannsklubba til Olav Midttun i 1929, hadde ein fått i hamn eit tilskot til Samlaget frå det nye statlege Pengeotteriet på 100 000 kr over ein femårsperiode som seinare vart vidareført og auka. Det stabiliserte statstilskotet på eit dobbelt så høgt nivå som tidlegare, og det gjorde at statstilskotet gjekk forbi dei samla salsinntektene resten av mellomkrigstida. "Lutspelpengane" skulle gå til den typen tunge og kulturpolitisk viktige utgjevingar som styret til Gjelsvik hadde peika ut i 1917 attåt velkjende Norsk Ordbok.

Så allmenntilsettsmarknaden: Den nyvalde samlagsformann Midttun sytte i 1929 for å tilsetja den han kalla "væpnaren" sin som skrivar. Det vart innleiinga til Sigmund Skards epoke i Samlaget – no skulle det gamle litteraturselskapet rustast opp til eit meir moderne forlag.²⁴ Då Shakespear-omsetjinga til Henrik Rytter kom i 1932, skulle verket *seljast* med "sterk reklame," som Gjelsvik i 1917 ikkje hadde meint var noko for Samlaget – med plakatar i bokhandlarvindauga, prektige brosjyrar og lysingar i avisene og storfelt lanseringsfest på Continental (ikkje Kaffistova!). No kom det jolekatalogar, i 1929 logoen, "rota", teikna av Carsten Lien som òg gav eit moderne formspråk til mange av samlagsbøkene. Dei økonomiske resultatata let likevel venta på seg. 30-åra var ei økonomisk vanskeleg tid, heiter det diplomatisk i 100-års saga. Men hovudproblemet var nok utgjevingsprofilen. Som Seinar Hegre har spissformulert det: "På Samlagslistene desse åra var Platon den dominerande forfattaren og Shakespeare den yngste."²⁵

Balansen mellom forretningsdrift og kulturpolitikk var ei vanskeleg øving, og Samlaget balanserer enno, kan me vel seia. Det var Sigmund Skard, som styreformann frå 1949, og framfor alt 31-åringen Johs. Aanderaa, forlagssjef frå 1958, som framfor nokon forma det som i femti år no har vore Samlaget sin freistnad på å leva med dilemmaet. "Samlaget har i desse åra meir enn tidlegare sett seg føre å arbeida, ikkje berre som eit litterært lag lenger, men som eit vanleg forlag," skreiv Skard i 1960 i ei oppsummering av tiåret som hadde gått.

²⁴ Birkeland m.fl. (red.) 1968, s. 115.

²⁵ Hegre 1984, s. 351.

Sjølv om mange slag framleis stod att, fann det moderne Samlaget formelt sin plass med innmeldinga i Den norske Forleggerforening i 1961, saman dei "private forleggjarane" som for Gjelsvik i 1917 var "dei andre".²⁶ Året etter sa Samlaget opp distribusjonsavtala med Noregs Boklag for å samla alle sentrale forlagsfunksjonar under eige tak. Denne praktisk motiverte avgjerda står fram for oss som Samlagets symbolske tilbaketrekking frå den *organiserte målrørsla*.

Det moderne Samlaget som språkpolitisk aktør

Samlaget og Mållaget gjekk kvar sin veg i stadig raskare tempo, og godt var det – sjølv om vegane ofte har kryssa. Sigmund Skard kombinerte heilt fint rolla som formann i Samlaget og leiar for den opposisjonen som tok luven av vestmennene og fekk inn Hartvig Kiran som formann i Mållaget i 1957. Aanderaas og samlagsmiljøets sterke kulturpolitiske agitasjon for Samlaget i negasjon til Noregs Mållag og den 'tradisjonelle' målrørsla kjennest i dag framand, utan at han dermed er uforståeleg i ein historisk kontekst. Aanderaa er då elles det fremste dømet på at det ikkje treng vera nokon motsetnad mellom å driva profesjonell forlagsverksemd og samstundes vera høgt oppe på den språk- og kulturpolitiske banen. "Slik har ingen forleggjar drive sitt påverknadsarbeid verken før eller seinare" skriv Ottar Grepstad om Aanderaas stadige krasse utfall mot dei løyvande styresmaktene han var så avhengig av.²⁷

For at historieforteljinga mi ikkje skal stogga med gullaldermyten om Aanderaa-perioden som eg sjølv er oppflaska med, skal det presiserast at mykje har endra seg dei siste 30 åra òg. Staben var dobbelt så stor då Audun Heskestad gjekk av som då Aanderaa forlet forlaget. Attåt ekspansjonen er forlagsapparatet ytterlegare profesjonalisert og meir robust trass i at rammevilkåra er langt vanskelegare, det kulturpolitiske arbeidet er nok meir raffinert, og ikkje minst – samarbeidet mellom nynorskinstitusjonane er betre og langt tettare med ei etter måten tydeleg arbeidsdeling. Målrørsla si evne – og vilje – til å operera samla, har truleg aldri vore så stor som i det siste tiåret. Så får ein heller leva med og ha evna til å mora seg over at det smell av og til.

Den kulturpolitiske situasjonen har òg endra seg svært mykje. I ein vanskeleg situasjon mellom ein svært tilspissa språkpolitisk konfliktsituasjon og ei målrørsla som ikkje heilt

²⁶ Birkeland m.fl. (red.) 1968, s. 137.

²⁷ Grepstad 2002, s. 105.

hadde fått med seg at mellomkrigstida var over, valde Skard og Aanderaa å knyta moderniseringa av Samlaget til det som den gongen var det dynamiske elementet i norsk språkutvikling, tilnæringslina. Både som offisiell språkpolitikk og som språkleg og litterært fornyande element er tilnæringslina borte for lengst. I høve til dei klassiske normspørsmåla har dei to skriftspråka stabilisert seg, og fornyinga i dag går føre seg i heilt andre språklege grenseland. I den grad Samlaget bør ha nokon politikk på dette feltet – det er slett ikkje sjølv sagt – trur eg ein gjer klokt i å ta utgangspunkt i å leggja i sentrum i den nynorske flokken.

Det blir av og til sendt ut bekymringsmeldingar frå Samlaget om at det kjem stadig færre nynorskbøker på andre forlag og at Samlaget står for ein stadig større del av nynorskbøkene. Gjelsvik-ånda frå 1917 er ikkje heilt borte. Me kunne sjølv sagt, ideelt sett, ynskt at dei "private forlaga" satsa mykje meir på nynorsk litteratur. Men nynorsken har trass alt større problem enn at Samlaget gjev ut mange bøker, og det har òg sine fordelar at Samlaget er den einaste store aktøren som tek ansvaret for nynorsk litteratur. Det er *det* som i dag er basisen for den store kulturpolitiske legitimiteten til Samlaget. Korleis skulle Samlaget forsvart statstilskotet om Gyldendal, Aschehoug eller Norsk bokreidingslag årleg gav ut like mykje og variert nynorsk litteratur som Samlaget? På mange vis er situasjonen den same som då Samlaget knapt gav ut bøker. På 1800-talet var Samlaget ein kulturpolitisk interesseorganisasjon som òg gav ut ei og anna bok. I dag er Samlaget eit forlag som òg driv kulturpolitikk.

Dermed avsluttar eg med at det i eit 100- eller 138-årsperspektiv trass alt kanskje står betre til enn nokon gong, overtydd om at Samlaget også i framtida vil gje Noregs Mållag og andre nynorsktiltak selskap i det politiske arbeidet for nynorsken.

Litteratur

- Almenningen, Olaf. (1984). *Målstrev og målvokster 1905-1913. Organisering, ideologi og arbeidsoppgåver*. Oslo: Samlaget.
- Birkeland, Bjarne m.fl. (red.). (1968). *Det Norske Samlaget 1868-1968*. Oslo: Samlaget.
- Grepstad, Ottar. (2002). Den første moderne forleggjaren: Johs. Aanderaa. I: *Det nynorske blikket* (s. 77-120). Oslo: Samlaget.
- Grepstad, Ottar. (2006). *Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie*. Oslo: Samlaget.
- Haugland, Kjell. (1985). *Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902*. Oslo: Samlaget.
- Hegre, Steinar. (1984). Den kommersialiserte idealisme. *Syn og segn*, (nr. 4), s. 346-353.
- Hoel, Oddmund L. (red.). (2006). *Då Noregs Mållag vart skipa. Referat frå Målmannsstemna 4.-5. februar 1906*. Oslo: Noregs Mållag.
- Koht, Halvdan. (1954). Fyrste tida med "Syn og Segn". *Syn og Segn*, s. 393-400.
- Mjeldheim, Leiv. (2006). *Den gyldne mellomvegen. Tema frå Venstres historie 1905-1940*. Bergen: Vigmostad & Bjørke.
- Samlaget. (1917). Aarsmelding fraa Det norske samlaget 1915 og 1916. *Syn og segn*, s. 424-429.

Skipenes, Aud. (2005). *Noregs Boklag. Ei forlagssoge*. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet, 19. Volda: Høgskulen i Volda.

Steinsvik, Rasmus. (1922). *Utvalde skrifter*. Utgjeve ved Steinar Steinsvik (Bd. 3). Risør: Gunleikson.

Tveit, Hans. (1984). Det uansvarlege tiåret. *Syn og segn*, (nr. 4), s. 354-361.

Manuset er her publisert slik det vart framført med nokre små tillegg.

[Publisert på nettet 2.5.2005]